



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Kviteseid Sokneråd**

## **REFERAT frå møte**

for Kviteseid Sokneråd

Onsdag 25. august 2021, kl.18.00-21.00

Stad: Kommunestyresalen

### **Innkalla:**

Marit Gotuholt (leiar), Marit Sørby (nestleiar), Sigrun Garvik Moen (sekr.), Dagfinn Køhn, Unni Snaunes, Toralf Grave, Gudrun Nordbø Venås, Vidar Syrtveit Mikalsen, Møyfrid Lunde (sokneprest), Bjørn Nordskog (kommunerepresentant og ordførar).  
Vigdis Helene Bruhaug (1. vara), Kristen Salmelid, kyrkjevevjerje.

I tillegg var trusopplærar Knut Ove Lofstad til stades på heile møtet.

**Fråfall:** Bjørn Nordskog (kommunerepresentant og ordførar).

Ord for dagen: Møyfrid Lunde

Servering: Dagfinn Køhn

|                        |  |
|------------------------|--|
| <b>SR-sak 39.21 FR</b> | <b>Innkalling og saksliste</b>                                     |
| <b>SR-sak 40.21 FR</b> | <b>Post og meldingar</b>   |
| <b>SR-sak 41.21 FR</b> | <b>Økonomirapport 1. halvår 2021</b>                               |
| <b>SR-sak 42.21 FR</b> | <b>Forslag til Driftsbudsjett 2022 og Økonomiplan 2023-26</b>      |
| <b>SR-sak 43.21 FR</b> | <b>Tilsetting av vikar for kyrkjegardsarbeid til fast stilling</b> |
| <b>SR-sak 44.21 FR</b> | <b>Lesepult til Kviteseid gamle kyrkje</b>                         |
| <b>SR-sak 45.21 FR</b> | <b>Vest-Telemark kraftlag eller Fjordkraft</b>                     |
| <b>SR-sak 46.21 FR</b> | <b>Høring om ny kyrkjeordning</b>                                  |
| <b>SR-sak 47.21 FR</b> | <b>Arbeidstilhøva for kvinnelege prestar i Dnk</b>                 |
| <b>SR-sak 48.21 SR</b> | <b>Trusopplæringsplanen</b>  |
| <b>SR-sak 49.21</b>    | <b>Eventuelt</b>   |

|  |                                |           |
|--|--------------------------------|-----------|
| <b>SR-sak 39.21 FR</b>   | <b>Innkalling og saksliste</b> | <b>MG</b> |
| <p>Innkallinga til dette møtet blei sendt ut på e-post onsdag 18. august 2021 til alle medlemmer og varamedlemmer i Kviteseid sokneråd (samt revisor og prost til orientering).</p> <p>Merknader til innkalling eller saksliste?</p> <p><b>Forslag til VEDTAK:</b><br/>Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.</p> <p><b>VEDTAK:</b> Som føresleg</p> |                                |           |

| SR-sak 40.21 FR  | Post og meldingar | MG ++ |
|--|-------------------|-------|
| <ol style="list-style-type: none"> <li>1. <b>Gapahuk-prosjekt:</b> Arbeidet med sjølve gapahuken er nå smått kome i gang etter sommarferie og store nedbørmengder. Plassen for gapahuken er planera ferdig slik at vi kunne koma i gang, men tippet er ikkje ferdig i retning Kviteseid. Der er det Eikland Maskin som er hyra inn av Mesta for å gjere det vi blir einige om. 1/3 av tippet skal knekkast av og dragast utover i retning Kviteseid, og den gamle vegen der skal etablerast på nytt. For reising av gapahuken er det ynskjeleg med dugnadshjelp framover. Vi har nokre namn, men ynskjer fleire. Økonomien: Sp.bank i 2020 kr 10.000, så langt i år er det gjeve 8.200 frå private og 3x5000 frå bedrifter. Koronamidlar frå Dnk 15.000 (pkt. 5 under her), og vi reknar med litt frå kommunale kulturmidlar. Utan det siste har vi 48.000 til disposisjon. Vi kjem eit godt stykke med det.</li> <li>2. <b>Asfaltering.</b> Det blei fint og tenleg både på P-plassen og inne i carporten. Har ikkje fått faktura pr. 12.8., men den har vi dekning for etter revisjon av budsjettet på sist møte.</li> <li>3. <b>Brunkeberg takkonstruksjon:</b> Arbeidet er ferdig og rapport og rekneskap er sendt til Riksantikvaren med oppmoding om utbetaling av stønaden på kr 840.000. Prosjektet og rekneskapen blei godkjend 11.8., så stønaden kjem.</li> <li>4. <b>Brann- og lynvernanlegg Fjågesund kyrkje:</b> Arbeidet er avslutta og overlevert.</li> <li>5. <b>Koronamidlar.</b> Den norske kyrkja fekk 18 mill. kr som ‘Særskilt tilskot for frivillig innsats i Koronaperioden’. Frivillighets-Norge har fått midlar gjennom Frivillighetsregisteret. Dnk får enda ikkje melde seg inn der trass i at ho er ein av sektorane i Noreg med mest “frivillighet”, og fekk difor ekstra midlar. Det var antyda kr 15.000 til kvart sokn. Vi søkte og fekk det. Beløpet er ført på Gapahukprosjektet.</li> <li>6. <b>Hovuddøra i Vrådal kyrkje treng renovering.</b> To fagfolk har sett på ho og vil koma med prisoverslag for arbeidet. (Martin Eriksen og Thomas Sandvik)</li> <li>7. <b>Sakristiet i Vrådal</b> har vi tenkt å renovera i haust. Dei same fagfolka som ser på døra i Vrådal, har vi òg bedt om pris frå for å isolera og legge eit tett golv i sakristiet. Vi vil sjølve rive ut gamal kjøkkenbenk, måle og sette inn nye skåp, benk og vask. Søkjer ikkje biskop om det, då vi reknar det berre som vedlikehald. Sakene fylgjast opp.</li> <li>8. <b>Endring av avfallspunkt ved kyrkjegarden i Vrådal:</b> Statsforvaltaren sende oss vedtak 16.8. og tilrår at søppelspanna blir ståande der dei er i dag, og gir løyve til å byggja et enkelt tak over, og eit rom bak for plater og utstyr for drifta. Statsforvaltaren minner og om at det etter lova skal vere gjerde og port rundt kyrkjegarden. Den aktuelle enden (mot aust/granhekkene) har ikkje hatt port. Port mot sør/vest blir no sett opp igjen i samband med at gjerdet blir fornya. Saka fylgjast opp med kyrkjegardsarbeidarane.</li> <li>9. <b>Stor kyrkjekontroll</b> er gjennomført i august og meldt inn på kyrkjebyggdatabasen. Kontrollen er kvart 4. år. Nytt i år var i tillegg registrering av alt gammalt inventar. Kyrkjebyggdatabasen blir brukt til mange føremål og av fleire aktørar som Dnk, KA, RA og KNIF. Oppdatert registrering etter brannvarsling og lynvernanlegg har gitt oss 5-6.000 kr i årleg reduksjon av forsikringspremien.</li> <li>10. <b>Knut Ove Lofstad starta i 50 % jobb som ungdomsdiakon (diakonimedarbeidar) i Seljord 1. aug.</b> Kyrkjevevane tenker at samarbeidet om Knut Ove som felles arbeidstakar, skal gå greitt. Han skal i starten vere måndag og tysdag i Seljord, og onsdag og torsdag i Kviteseid, +Seljord/Kviteseid annankvar fredag.</li> <li>11. <b>Stor medarbeidarundersøking</b> blir sendt ut til alle tilsette i Dnk medio september.</li> <li>12. <b>Rapport frå arbeidsmiljøundersøking i Dnk</b> er komen og vert handsama i eiga sak (47/21) på dette møtet.</li> <li>13. <b><u>KA har laga eit rundskriv om tilsette sin rett til medbestemming</u></b> i samband med politiske vedtak om ny kyrkjeleg organisering. Dette er for å avklara allereie gjeldande avtaleverk om medbestemming.</li> <li>14. <b>Høyring om KA si framtidige rolle i Dnk.</b> Denne gjer ikkje kyrkjevevane noko med, men det kjem truleg som sak på kyrkjevevanelagsmøte utover hausten.</li> </ol> |                   |       |

15. **Høyringsdokument** for ny kyrkjeleg organisering vart sendt ut 1. juni, med frist 1. desember. Sjå Sak 46/21 på dette møtet.
16. **Høyringsdokument for endringar i gravplasslova** er sendt ut til mellom anna kommunar, statsforvaltarar og bispedøme. Nå 13.8. sende KA ut invitasjon til fellesråd om å sende inn høyring. «I takt med samfunnsutviklingen er det behov for å oppdatere og forbedre regelverket i gravplassloven», skriv Barne- og familiedepartementet. Alle fellesråd blir inviterte til å delta i høyringa som har frist 1. oktober. KAs høyringssvar vil bli publisert i løpet av veke 36. Kyrkjeverja ser på dette.
17. **Gjennomførte arrangement**
- 5. juni: Konsert med Olav Mosdøl og Hege Bålsrød i Kviteseid kyrkje
  - 9. juni: Institusjonsandaktar
  - 30.juni: Sommaravslutning på Bygdetunet for føremiddagstreff
  - Torsdagar i juli, kl. 19.30: Kveldsmesser i Kviteseid gamle kyrkje
  - Konfirmantleir på Gjennestad 9.-13. aug. Frivillig for våre, så berre 1 deltakar reiste, + trusopplærar og sokneprest delte på veka.
18. **Planlagde arrangement**
- Konfirmasjonar laurdagane 21. og 28. august (2 gudstenester kvar av dagane)
  - 29. sept.: Føremiddagstreff på Misjonshuset
  - 1. oktober: Hans Nilsen Hauge-program med Ivar Skippervold.
  - Kring allehelgensdag kan det bli eit kulturelt arrangement, men ikkje den konserten som var planlagt tidlegare med 3 x Haugen + Holm, grunna sjukdom.
  - 8.des.: Adventskonsert for eldre i Kviteseid kyrkje ved staben og Diakoniutvalet.
  - 12.des.: Tradisjonell adventskonsert i Kviteseid kyrkje med hornmusikken og kor frå bygda.
19. **Utval og komitear**
- 12.aug.: Møte i diakoniutvalet (ei sak om søknad om restmidlar til diakoni)
  - 24.aug. Fellesmøtekomitè
    - i. 26.sept. Felles sangkveld i Kv. Kyrkje
    - ii. 23.jan. 2022: Felles familiemøte på Misjonshuset
    - iii. 11.-13.mars 2022: Fellesmøtehelg i Kviteseid kyrkje med besøk av Egil Svartdal
  - 2. sept.: Diakoniutval
  - 7. sept.: Trusopplæringsutval
  - 17. sept.: Gudstenesteutval

SR-sak 41.21 FR

Økonomirapport 1. halvår 2021

KS

**Rekneskapsrapporten for jan-juni 2021** er klar, og viser ingen overraskingar eller store avvik. Samla resultat etter 6 mnd. syner kr 570.000 i mindreforbruk (overskot samanlikna med rev. budsjett)  
 Kap 110 Kyrkjeleg adm.: Resultat 34' overskot. Manglar m.a. rekning for revisjon 2020 (over 50')  
 Kap 111 Kyrkjer: Resultat 51' overskot.  
 Kap 112 Kyrkjegard: Resultat 406' overskot, mykje grunna innkravd festeavgift tidleg på året.  
 Kap 113 Andre ky. føremål: Resultat 75' overskot. M.a. ikkje hatt leirutgiftene enda.

**Vedlegg:** R2021.1-6 (eigen kolonne i dokumentet BF2022)

AU handsama saka på sitt møte 10.8. og tok rekneskapsrapporten til orientering.

**Forslag til VEDTAK i SR:**

Soknerådet tek rekneskapsrapporten til orientering.

Kyrkjevevja informerte og om at alle investeringsprosjekta for 2021 var ferdig, og at resultatet syner om lag kr 100.000 i mindreforbruk etter samla budsjett på 2,3 mill. kr.

**VEDTAK :**

Soknerådet tek rekneskapsrapportane til orientering.

**SR-sak 42.21 FR**

**Forslag til Driftsbudsjett 2022 og Økonomiplan 2023-26**

**KS**

Frå handsaming i AU:

Forslag til driftsbudsjett er utarbeidd med ein forventta auke i kommunalt tilskot på 2,5 %. Det er ikkje nokon spesielle postar å framheva, men kyrkjevevja vil gå gjennom det. Det er fullt mogleg å gjera endringar og andre prioriteringar. (Forslaget som ligg ved er for at kommunen etter vedtak i SR, skal kunne innarbeida tala i sine budsjett for 2022. SR gjer endeleg vedtak om budsjettet i januar 2022, innan ein mnd. etter at kommunen har vedteke tilskotet til kyrkja.)

Økonomiplanen er, slik kommunen set den opp, berre hovudtala kopiert for 4 år fram i tid. Det vil vere mest korrekt om vi legg til om lag 2,5 % auke kvart år vidare. Økonomiplanen vert sett opp og sendt kommunen etter at SR har vedteke forslag til driftsbudsjett for 2022.

**VEDTAK i AU:**

Arbeidsutvalet tilrår SR å vedta det framlagde forslaget til driftsbudsjett for 2022.

**Vedlegg: Forslag driftsbudsjett 2022**

Kyrkjevevja forklarar og svarar på spørsmål. Det er gjort nokre små endringar i budsjettforslaget etter AU-møtet.

**Forslag til VEDTAK i SR:**

Soknerådet vedtek det framlagde forslaget til driftsbudsjett for 2022

Kyrkjevevja hadde førebudd auke i tilskotet på 2,5 %, men soknerådet ønska 2,9 %. Dei 14.000 kr dette utgjør, plasserast på straumutgifter,

**VEDTAK i SR:**

Soknerådet vedtek det framlagde forslaget til driftsbudsjett for 2022 med ein auke i kommunalt tilskot på 2,9 %.

**SR-sak 43.21 FR**

**Tilsetting av vikar for kyrkjegardsarbeid til fast stilling**

**MG**

Jan Gunnar Haugen har av helsemessige årsaker redusert si stilling som kyrkjegardsarbeidar og kyrkjetenar (samla kalla 'Fagarbeidar') frå 100 % til 50 % sidan juni 2018. Det er no avklart at han ikkje kjem tilbake til 100 %, men held fram i 50 % stilling.

Vi har hatt korttids- og langtidsvikarar i stillinga. Sommaren 2020 vart Bjørn Stian Sigurdslid tilsett i 12 mnd vikariat i 50 % stilling etter annonse i avis og på NAV.

Arbeidsutvalet (AU) handsama denne saka 10.8.21.

Bjørn Stian har det året han har vore i arbeid for oss, gjort eit godt inntrykk og eit veldig godt arbeid. Sjølv om det i all hovudsak skulle vera kyrkjegardsarbeid han skulle gjera, har han òg fungert svært godt som kyrkjetenar, etter god opplæring. Han er fagleg allsidig og sterk, grei og lett å samarbeida med, og har god forståing av dei mange sidene av arbeidet. Han er 37 år.

Begge dei to andre fagarbeidarane våre har nå i år fylt 60 år, så det er heilt greitt å få inn yngre krefter.

På oppmoding har Jan og Håkon skrive nokre ord:

Jan: *Bjørn Stian har no vore i arbeid som kyrkjegardsarbeider/kyrkjetenar i snart eit år.*

*Eg opplever han som svært lett å samarbeide med. Han er positiv, ikkje redd for å ta i et tak, lærevillig og utfyller etter mi meining staben på ein god måte. Bjørn Stian er med på å skape et godt arbeidsmiljø.*

Håkon: *Bjørn Stian er grei å jobbe saman med, positiv og tek del i dei oppgåvene me må gjere. Løyser det meste, kan og sei frå visst det er ting han er usikker på. Syns og me har godt samarbeid. Ynskjer han til fast tilsetting.*

Sokneprest Møyfrid nemnde under AU at Bjørn Stian er veldig behagelig og enkel å samarbeide med, og at han er ryddig og alltid på tilbudssida.

#### **VEDTAK i AU:**

Arbeidsutvalet tilrår at Bjørn Stian Sigurdslid (37) blir tilsett i 50 % oppseieleg stilling som fagarbeidar (KA stillingskode 5124) frå 1. august 2021.

#### **Forslag til VEDTAK i SR:**

Soknerådet tilset Bjørn Stian Sigurdslid (37) i 50 % oppseieleg stilling som fagarbeidar (KA stillingskode 5124) frå 1. august 2021.

#### **VEDTAK:**

Soknerådet tilset Bjørn Stian Sigurdslid (37) i 50 % oppseieleg stilling som fagarbeidar frå 1. august 2021. (KA stillingskode 5124)

**SR-sak 44.21 FR**

**Lesepult til Kviteseid gamle kyrkje**

**MG**

Kviteseid gamle kyrkje har ingen lesepult, så klokkeoppgåver og forbøn m.m. skjer frå koret med berre bok eller papir i handa. Frå tid til annan har vi bruka eit notestativ eller liknande. Vi kan og greie oss utan, då den tek litt plass i det elles tronge koret. Men denne er flyttbar, akkurat som døypefonten som må flyttast under til dømes vigsel.

Skal vi ha inn eit nytt inventar som dette, må vi ha godkjenning frå biskopen mellom anna fordi lesepult har ein liturgisk funksjon.

Lesepulten er laga av ei høl furustamme som har turka på rot i Kviteseid, truleg i Kilen. Stamma kan godt vera 700-800 år gamal, og passar såleis godt inn i den gamle kyrkja.





Det var Kjetil Gjelstad som bygde Kilen kapell i 1958, som hadde denne stamma og ei til, som portstolpar i innkøyringa til tunet sitt.

Kyrkjetenar Håkon Heggtveit arbeidde den om til ein lesepult ved å tilpasse høgda og sette på botn og topp av ubehandla furu.

Denne lesepulten har nå stått i gamlekyrkja i sommar for å prøve den, sjå den i rette element, og for å få tatt bilete av den før handsaming i soknerådet og ein eventuell søknad om godkjenning frå biskopen.

AU meiner at lesepulten kan stå slik på høgre sida i koret til vanleg. På kveldsmesser i juli erfarte vi at det er betre ljøs på venstre

side.

AU ville ha med dette oversiktsbiletet òg for å sjå storleiken.

#### **VEDTAK i AU:**

Arbeidsutvalet tilrår at vi søker biskopen om godkjenning til å ha lesepulten ståande i Kviteseid gamle kyrkje.

#### **Forslag til VEDTAK i SR:**

Soknerådet vedtek å søkje biskopen om godkjenning til å ha lesepulten ståande i Kviteseid gamle kyrkje.

Soknerådet var svært takksame for arbeidet Håkon Heggtveit har gjort med denne lesepulten, og synest den var fin og passa godt inn i kyrkja.

#### **VEDTAK:**

Soknerådet vedtek å søkje biskopen om godkjenning til å ha lesepulten ståande i Kviteseid gamle kyrkje.



| SR-sak 45.21 FR   | Vest-Telemark kraftlag eller Fjordkraft | MG / ML |
|---|---|---------|
| <p>Kyrkjeverja har i sommar samanlikna straumprisane vi i dag har med variabel pris frå Vest-Telemark Kraftlag i dei fleste kyrkjene, med spotpris som vi har frå Fjordkraft (med betre prisar gjennom KNIF si avtale) i Fjågesund kyrkje.</p> <p>Med det forbruket vi har hatt dei siste 15 månadene i Kviteseid-, Vrådal- og Brunkeberg kyrkjer, ville vi spart kr 12.500 om vi same periode heller hadde hatt spotpris frå Fjordkraft.</p> <p>AU ønskte at vi skulle be VTK om betre pris. Dei kan og tilby straum til spotpris. Mens Fjordkraft har eit påslag på kr 49 pr mnd, har VTK eit påslag på 3,75 øre pr kwh. Med denne prisen frå VTK ville innsparingane vore kr 6.800 samanlikna med dagens ordning.</p> <p>Nettleige kjem i tillegg til eigaren av dei aktuelle straumnetta.</p> <p>Med fleire gudstenester enn vi har hatt i denne perioden, vil straumforbruket auke og innsparingane vil truleg bli større. Spotpris frå Fjordkraft er 16 % rimelegare enn dagens variable frå VTK. Spotpris frå VTK er 8 % rimelegare.</p> <p>Det skal og seiast at vi arbeider med å få på plass straumsparingssystem i kyrkjene, og startar etter investeringsplanen med Kviteseid kyrkje i 2022 forutsett at kommunen held fram med å innvilga investeringstilskot.</p> <p>Skal vi vere lojale og handle straum lokalt, eller veg økonomien tyngre?<br/>Kyrkjeverja tilrår spotpris frå Fjordkraft berre av økonomiske årsaker, men er open for om lokal handel skal vege tyngre.</p> <p><b>Forslag til VEDTAK:</b><br/>Soknerådet går inn for å halde fram med å kjøpe straum frå VTK, men då med avtale om spotpris som i lengda kan vere litt rimelegare.</p> <p>Soknerådet drøfta denne saka grundig då det var vanskeleg å avgjere om pengane eller lojalitet skulle vege tyngst.<br/>Kyrkjeverja opplyste i tillegg om at spotprisen frå Fjordkraft er den rimelegaste straumprisen KNIF (Kristen-Norges Innkjøps-Fellesskap) har framforhandla på vegne av sine kundar (Kyrkjer, kyrkjесamfunn og kr. organisasjonar)</p> <p><b>VEDTAK:</b><br/>Soknerådet vedtek å gå over til å handle straum til spotpris frå Fjordkraft med KNIF-prisar.</p> |   |         |
| SR-sak 46.21 FR   | Høyring om ny kyrkjeordning             | MG / ML |
| <p>Arbeidet med ny kyrkjeordning for Den norske kyrkja, har pågått i fleire år med prosessar og høyringar på fleire nivå. Ein omfattande rapport med fleire modellar vart i vår lagt fram frå ein komité med mandat frå Kyrkjerådet. Denne rapporten vart så handsama av kyrkjerådet den 1. og 15. juni i år. Den 17. juni vart høyringsbrev sendt ut til mange instansar i kyrkja, mellom anna til fellelsråd og sokneråd. Fristen for høyringa er 1. desember 2021.</p> <p>I linken nedst i saka finn du</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Høyringsbrev til kyrkjelege instansar</li> <li>2. Høyringsnotat</li> <li>3. Word-dokument med 48 høyringsspørsmål (berre for å sjå alle spørsmål)</li> <li>4. Link til elektronisk svarskjema. (Når høyringa skal svarast på, er det vist til sluttrapporten ‘<a href="#">Samhandling i en selvstendig folkekirke</a>’, 128 sider + 7 vedlegg).</li> </ol>   |   |         |

Saka er stor å sette seg inn i for nokon og ein kvar, men det er nødvendig for å kunne uttale seg. Difor ynskjer kyrkjeverjelaget i bispedømmet saman med bispedømmerådet å invitere alle sokneråd og fellestråd til prostivise INFORMASJONSMØTE vedr. høyringa. For oss i Øvre Telemark prosti, er møtet sett til 28. september kl. 18.00-20.00. Stad for møtet er ikkje avklara pr. dd.

AU tilrår alle i SR til å stille på dette informasjonsmøtet før vidare handsaming her. AU tilrår óg at ei mindre gruppe utpeika av SR svarar på høyringa på vegne av SR.

Soknepresten orienterer i soknerådet kort om kvifor det blir arbeidd med ny kyrkjeordning, litt om dei forskjellige modellane som er presentert, og kva dette kan kome til å bety for oss.

**Vedlegg** (berre nettutgåver): [Høyringsbrev om kyrkjeleg organisering](#)  
[Rapport om ny kyrkjeleg organisering](#) (128 sider)

**VEDTAK:**

Soknerådet set ned ei gruppe som førebur forslag til høyringsuttale til soknerådsmøtet i november. Gruppa består av Dagfinn Køhn, Møyfrid Lunde og Marit Gotuholt. 1-2 personar blir valde i tillegg, like etter informasjonsmøtet 28.sept.

**SR-sak 47.21**

**Arbeidstilhøva for kvinnelege prestar i Dnk**

**MG**

Ein av tre kvinnelege prestar i Den norske kyrkje har opplevd uønskte hendingar basert på sitt kjønn og yrke. Over halvparten som har opplevd dette, har ikkje meldt frå.

Dette er resultat frå ein undersøking om arbeidstilhøva for kvinnelege prestar i Den norske kyrkja. Bispedømmerådet handsama [rapporten](#) på sitt møte i juni, og oppmodar soknerådet til å handsama rapportens tema.

I vedlegget ligg brevet frå stiftsdirektøren og rapporten frå vårt bispedøme, Agder og Telemark. Korleis er arbeidstilhøva for vår eigen sokneprest? Er det ting soknerådet bør kjenne til som kan forbeistrast eller endrast?

**Vedlegg:** *Arbeidsmiljøundersøkinge kvinnelige prester*

**Forslag til VEDTAK:**

Vert utforma under møtet.

Soknerådsleiar Marit Gotuholt presenterte resultatet frå undersøkinga med vekt på svara frå vårt bispedøme. Soknerådet samtala om saka og sokneprest Møyfrid Lunde fortalde om korleis ho har hatt det som fyrste kvinne som er prest i Kviteseid.

**VEDTAK:**

Soknerådet samtala om saka og syns det var bra at kyrkja har sett saka på dagsorden.

**SR-sak 48.21**

**Trusopplæringsplanen**

**ML**

Trusopplærer Knut Ove Lofstad rapporterer om status for arbeidet med trusopplæringa. Han seier litt om følgande:

- Status for endringar som er gjort i den generelle delen av trusopplæringsplanen.
- Gjennomføring av konkrete tiltak



- Utvikling og endringar
- Materiell
- Leiarar og frivillige

**Vedlegg:** *Trusopplæringsplanen – rapport til AU og SR aug.21*

**Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet takkar for orienteringa.

**VEDTAK:**

Som føreslege.

**SR-sak 49.21**

**Eventuelt**

**MG**

På oppmoding orienterte Dagfinn Køhn om ein **Prosti-tur til pasjonsspela i Oberammergau i juli 2022 i fotspora til Luther, Bach og Bonhoeffer**. Rune Lia og Dagfinn Køhn er reiseleiarar for denne 9-dagars bussturen gjennom Europa. Pris for turen vert kr 21.900 pr pers med reise, overnatting og det meste av mat inkludert.

Komande SR i 2021 er 6. oktober og 17. november, samt

Informasjonsmøte om NY ordning for Dnk, i Seljord 28. sept.

Ref.: SGM og KS